Vestlandsrådet

Saksframlegg

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2026/4095-27 |
| **Saksbehandlar:** | Sølve Dag Sondbø, Vestland fylkeskommune |

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| **Vestlandsrådet** | **13/26** | **04.11.26** |

# Meir kapasitet i kraftsystemet på Vestlandet

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet viser til saksframlegget og vedtek forslaget til uttale om meir kapasitet i kraftsystemet på Vestlandet, med følgjande merknader:

……..

……..

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På møte i Vestlandsrådet, 4.november i Stavanger er energi og næringsutvikling løfta fram som eit eige tema som oppfølging av den vedtekne næringsstrategien til i rådet. Fylkesdirektøren ser det og som aktuelt at Vestlandsrådet bør vurdere vidare oppfølging gjennom ein politisk uttale om meir kapasitet i kraftsystemet på Vestlandet. Denne uttalen kan sendast til energiministeren, energi- og miljøkomiteen på Stortinget og stortingsbenkane på Vestlandet.

Med grunnlag i dette føreslår fylkesdirektøren følgjande forslag til uttale:

> **«Meir kapasitet i kraftsystemet på Vestlandet**
>
> For låg kapasitet i kraftnettet på Vestlandet og manglande transformator- og nettkapasitet er ein bremsekloss for vidare vekst og verdiskaping i Noregs viktigaste eksportregion. Etablerte industriverksemder står i straumkø når dei treng kraft til utvidingar, nye industriaktørar får ikkje nettilknyting, og viktige klimatiltak blir utsette fordi tilgangen på kraft manglar.
>
> Situasjonen er alvorleg. Vestlandet taper allereie industrietableringar til andre land. Resultatet er færre arbeidsplassar, svekt verdiskaping, lågare forsyningstryggleik og redusert tempo i klimaomstillinga. Dette er ikkje berre ei utfordring for Vestlandet, men for Noreg som industrinasjon.
>
> Vestlandsrådet er kjent med at regjeringa i august la fram ei kraftpakke for raskare utbygging av kraft og straumnett, som har som mål å utvikle industrien, skape arbeidsplassar og sikre nasjonal konkurransekraft.
>
> Vestlandsrådet vil understreke at det hastar med å byggje ut kraftnettet for å halde tritt med utviklinga i næringslivet og samfunnet elles. Energibehovet veks raskare enn nettkapasiteten, og utan ei kraftig opptrapping risikerer vi aukande ubalanse mellom behov og tilgang på energi. Vestlandsfylka står framfor store moglegheiter innan elektrifisering, ny grøn industri og berekraftig verdiskaping, men desse moglegheitene kan berre realiserast dersom infrastrukturen kjem på plass.
>
> Betre straumforsyning er avgjerande for:
>
> 1. **Elektrifisering av industri og transport**: Elektrifisering av industri, sjøfart og transportsektoren på Vestlandet krev ein vesentleg styrkt nettkapasitet. Dette er nødvendig for å redusere klimagassutslepp og nå nasjonale og internasjonale klimamål.
> 2. **Konkurransekraft og arbeidsplassar**: Ei stabil og tilstrekkeleg kraftforsyning er ein føresetnad for nye investeringar, vidareutvikling av eksisterande industri og trygging av arbeidsplassar. Dette gjeld fleire av landets største industriområde og eksportretta verksemder.
> 3. **Samfunnstryggleik og beredskap**: Eit robust og moderne kraftnett er avgjerande for samfunnstryggleik, forsyningstryggleik og beredskap. Auka nettkapasitet vil redusere sårbarheita ved feil og driftsforstyrringar.
> 4. **Kraft til ny industri og vidare verdiskaping**: Vestlandet er Noregs største eksportregion og står for ein vesentleg del av landets verdiskaping. Utan tilstrekkeleg tilgang på kraft og nett risikerer vi at nye industrietableringar og utvidingar blir utsette eller flytta ut av landet.
> 5. **Å møte framtidas energibehov**: Både eksisterande næringar og nye vekstnæringar er avhengige av sikker tilgang på energi. Ei målretta satsing på nettutbygging og

transformatorkapasitet er naudsynt for å leggje til rette for berekraftig vekst og omstilling.

**Vestlandsrådet meiner at:**

1. Regjeringa bør innføre faste tidsfristar for  forvaltninga si behandling av dei ulike stega i konsesjonsprosessen for energisaker
2. Regjeringa bør instruere Statnett om å prioritere prosjekt som løyser dei største kapasitetsutfordringane på Vestlandet. Dette er kritisk viktig for verdiskaping, beredskap, klimaomstilling og industri i Noregs viktigaste eksportregion.
3. Havvindprosjekt med nettilknyting til Vestlandet må prioriterast, då dei kan bidra vesentleg til både krafttilgang og industriutvikling. Her har vi fleire gode tilknytningspunkt som kan ta i straum utan behov for større nettoppgraderingar på land.
4. Regjeringa bør vurdere ytterlegare tiltak for å redusere sakshandsamingstida. Mellom anna om spenningsoppgradering av eksisterande nett i eksisterande traséar kan gjennomførast utan full konsesjonsprosess når tiltaket ikkje inneber nye naturinngrep. Dette kan gjere det mogleg å oppgradere regionalnettet frå 66 kV til 132 kV og sentralnettet frå 300 kV til 420 kV langt raskare enn i dag.
5. Regjeringa bør sjå på forenkla konsesjonsprosessar for oppgradering av eksisterande vasskraftverk (større vassvegar, nye turbinar), når tiltaka kan gi meir kraft utan eller med heilt minimale nye naturinngrep. Desse møter i dag ofte same lange konsesjonsløp som heilt nye anlegg.

Vestlandsrådet ber regjeringa handle no. Utan rask styrking av kraftnettet risikerer vi at Vestlandet mistar investeringar, arbeidsplassar og konkurransekraft. Eit sterkare nett er avgjerande for at Vestlandet også i framtida skal vere Noregs viktigaste eksportregion og ein motor for nasjonal verdiskaping.

Vestlandet står for ein svært stor del av norsk eksport, industriverdiskaping og energiproduksjon. Når manglande nettkapasitet hindrar utvikling på Vestlandet, svekkjer det ikkje berre regionen, men òg Noregs evne til å skape verdiar, styrkje beredskapen og gjennomføre det grøne skiftet»